



St.prp. nr. 17

(2000-2001)

Om samtykke til godkjenning av
avgjerd i EØS-komiteen nr. 80/99 av 25.
juni 1999 om endring av vedlegg VI om
trygd til EØS-avtala

*Tilråding frå Utenriksdepartementet av 17. november 2000,
godkjend i statsråd same dagen.*

1 Bakgrunn

EØS-komitéavgjerd nr. 80/99 av 25. juni 1999 inneber at rådsdirektiv 98/49/EF om trygging av rettane til supplerande pensjon for arbeidstakarar og sjølvstendig næringsdrivande som flyttar innanfor Fellesskapet, vert lagt inn under EØS-avtala.

Vedlegg VI til EØS-avtala handlar om trygd, og inneheld m.a. forordningar som er vedtekne med sikte på å verne rettane til trygdeytningar for arbeidstakarar som flyttar innanfor Fellesskapet, og for familiane deira, jf. rådsforordning (EØF) nr. 1408/71 av 14. juni 1971 og rådsforordning (EØF) nr. 574/72 av 21. mars 1972. Desse forordningane gjeld berre lovfesta pensjonsordningar, og den fastsette samordninga omfattar såleis ikkje supplerande pensjonsordningar, med unntak av ordningar som fell inn under uttrykket «lovgjeving», jf. rådsforordning (EØF) nr. 1408/71, artikkel 1 bokstav j, første leddet.

Innføringa av eit direktiv som vernar rettane til medlemmer av supplerande pensjonsordningar som flyttar frå ein medlemsstat til ein annan, utfyller det eksisterande regelverket og er eit ledd i prosessen med å fjerne hindringar for fri rørsle av arbeidstakarar og sjølvstendig næringsdrivande innan Fellesskapet. Direktivet om supplerande pensjonsrettar vart vedteke i EU 29. juni 1998. Fristen for gjennomføring i nasjonalt regelverk er 25. juli 2001.

Gjennomføring av rådsdirektiv 98/49/EF i norsk rett gjør lovendring nødvendig, jf. pkt. 4 i prp. Avgjerda i EØS-komiteen av 25. juni 1999 om å innlemme direktivet i EØS-avtala, blei for Noregs vedkommande difor gjort med atterhald om Stortingets samtykke.

Avgjerda til EØS-komiteen og direktivet i norsk omsetjing følgjer som trykte vedlegg til denne proposisjonen.

2 Nærmare om direktivet

Direktivet er gjort gjeldande for pensjonsrettar i form av alders-, uføre- og attlevandepensjon som er opparbeidd i frivillige eller pliktige supplerande pensjonsordningar. I utgangspunktet femner direktivet om arbeidsrelaterte pensjonsordningar som er skipa i samsvar med nasjonal lovgjeving og praksis, og har som føremål å sikre eit supplement til, eller erstatning for, lovpålagde tryggingsordningar. For å unngå dobbeltregulering er det gjort unntak for ordningar som høyrer inn under forordning (EØF) nr. 1408/71.

Direktivet inneber m.a. at eventuelle krav om vidareføring av opptente pensjonsrettar ved eit opphald i innbetalingane til pensjonsordninga skal vurderast likt, uavhengig av om pensjonstakaren vert verande i den same medlemsstaten eller flyttar til ein annan EØS-stat, jf. artikkel 4. Medlemsstatane skal sikre at pensjonsytningar, med frådrag av eventuelle skattar og transaksjonskostnader, kan utbetalast i andre EØS-statar enn der pensjonsordninga er etablert, jf. artikkel 5. Vidare må det vere mogleg at ein arbeidstakar som er mellombels utplassert i ein annan EØS-stat for sin vanlege arbeidsgjevar, framleis kan stå som medlem i ei supplerande pensjonsordning som er skipa i heimlandet. Innskot til slike supplerande pensjonsordningar i heimlandet skal gje unntak for ei eventuell plikt til å betale innskot til supplerande pensjonsordning i den andre medlemsstaten, jf. artikkel 6. Direktivet forpliktar også medlemsstatane til å gjere tiltak for at arbeidsgjevaren og ansvarlege forvaltarar gjev pensjonstakarar tilstrekkeleg informasjon om kva pensjonsrettar og tilgjengelege val dei har under ordninga ved flytting til ein annan medlemsstat, jf. artikkel 7.

Direktivet påverkar ikkje lovgjevinga til medlemsstatane om kollektive tiltak til trygging av yrkesinteresser.

3 Avgjerda til EØS-komiteen

Som eit ledd i samarbeidet med EU vedtok EØS-komiteen 25. juni 1999 å endre vedlegg VI om trygd, til EØS-avtala, slik at avtala òg omfattar direktivet om trygging av supplerande pensjonsrettar. Avgjerda inneheld ei innleiing og fire artiklar. I innleiinga vert det vist til EØS-avtala, og særleg til artikkel 98, som gjev rettsgrunnlag for å endre vedlegga til avtala gjennom avgjerd i EØS-komiteen.

Artikkel 1 slår fast at rådsdirektiv 98/49/EF om trygging av rettane til supplerande pensjon for arbeidstakar og sjølvstendig næringsdrivande som flyttar innanfor Fellesskapet skal takast inn i vedlegg VI nr. 2a til EØS-avtala.

Artikkel 2 stadfester at direktivet på norsk og islandsk skal gjelde på lik linje med direktivet utforma på andre språk i Fellesskapet.

Artikkel 3 påpeikar at avgjerda tek til å gjelde 26. juni 1999, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar i medhald av artikkel 103 nr. 1 i avtala.

Artikkel 4 slår fast at avgjerda til EØS-komiteen skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fellesskapa.

4 Tilhøvet til norsk rett og vurdering i høve til EØS-avtala

Ut frå definisjonen av supplerande pensjonsordningar i Rådsdirektiv 98/49/EF er det lagt til grunn at direktivet m.a. omfattar:

1. Kommunale pensjonsordningar.
2. Skattefaviserte private pensjonsordningar.
3. Andre private supplerande pensjonsordningar i pensjonskasse eller livsselskap.
4. Andre private supplerande pensjonsordningar som ikkje er fondsbaserte.

Av nemnde typar supplerande pensjonar er det berre dei som fell inn under kategori nummer 2, og til dels nummer 1, som er utførleg regulerte i lov eller forskrift.

Dei kommunale og fylkeskommunale pensjonsordningane (heretter kommunale pensjonsordningar) er underlagt forskrift av 22. april 1997 nr. 374 «om pensjonsordningar for kommunalt eller fylkeskommunalt ansatte», gitt med heimel i lov av 25. september 1992 nr. 107 «om kommuner og fylkeskommuner» (kommunelova) § 24 nr. 4. Kommunale pensjonsordningar som omfattar folkevalde, er også underlagde forskrift av 22. april 1997 nr. 375 «om pensjonsordningar for folkevalgte i kommune eller fylkeskommune», gitt med heimel i kommunelova § 43 andre ledd.

Med verknad frå og med 1. januar 2000 er frådragsrett til arbeidsgjevar for tilskot til privat tenestepensjonsordning regulert i skattelova av 26. mars 1999 § 6-46, medan frådragsrett for arbeidstakar fylgjer av § 6-47. Det er ein føresetnad at pensjonsordninga er i samsvar med forskrift av 19. november 1999 nr. 1158 «til utfylling og gjennomføring av skatteloven» § 6-46, som igjen viser til forskrift av 28. juni 1968 nr. 3 «om private tenestepensjonsordningar i henhold til skatteloven § 44 første ledd, bokstav k» og forskrift av 27. oktober 1969 nr. 9451 «om private tenestepensjonsordningar». Lov om føretakspensjon, som vart vedteke 24. mars 2000 og som trer i kraft 1. januar 2001, vil erstatte dei to sistnemde forskriftene. Rådsdirektiv 98/49/EF vil også omfatte pensjonsordningar etter lov om innskotspensjon.

Vidare vert det lagt til grunn at pensjonsfond etter skattelova, jf. føretakspensjonslova § 16-2 (23) og overgangsreglar til skattelova § 6-46 (3), vert omfatta av direktivet. Det same gjeld forsikringar omhandla i forskrift av 19. november 1999 nr. 1158 «til utfylling og gjennomføring mv. av skatteloven» §§ 5-41 og 6-47 (livrente og IPA).

Direktivet gjeld ikkje berre medlemmer i supplerande pensjonsordningar, men skal også nyttast i høve til andre rettshavarar innanfor slike ordningar, som har tent opp eller er i ferd med å tene opp rettar i ein eller fleire medlemsstatar.

I høve til artikkel 4 i Rådsdirektiv 98/49/EF legg Finansdepartementet til grunn at denne ikkje kjem i konflikt med reglar som gjeld skattefaviserte private pensjonsordningar og kommunale pensjonsordningar. Medlemmer av private tenestepensjonsordningar etter skattelova får på nærare vilkår rett til opptent pensjon ved avgang før pensjonsalder, utan omsyn til om vedkomande

tar ny stilling i Noreg eller i eit anna EØS-land. Tilsvarande er ført vidare i lov om føretakspensjon og lov om innskotspensjon, jf lov om føretakspensjon §§ 4-6 til 4-10 og lov om innskotspensjon kapittel 6.

Prinsippet gitt i artikkel 4 gjeld også for supplerande pensjonsordningar som ikkje er regulerte i lov eller forskrift, og Finansdepartementet legg til grunn at påbodet om lik handsaming av pensjonsrettar må lovfestast eller heimlast i forskrift gitt i medhald av lov.

Etter Finansdepartementet si oppfatning er gjeldande regelverk for skattefavoriserte pensjonsordningar og kommunale pensjonsordningar ikkje i strid med artikkel 5 i direktivet. Kravet rettast seg også mot uregulerte pensjonsordningar og må difor verte lovfesta på generell basis.

Finansdepartementet legg til grunn at artikkel 6 i direktivet ikkje er i konflikt med reglar gitt i lov eller forskrift. Lov om føretakspensjon og lov om innskotspensjon er basert på at arbeidstakar som er obligatorisk medlem av folketrygden, skal vere medlem av pensjonsordninga. Såleis vil utplassert arbeidstakar halde ved lag medlemskap i skattefavorisert pensjonsordning. Medlemskap for andre arbeidstakarar krev heimel i forskrift til lov om føretakspensjon § 3-2 tredje ledd. Vidare følgjer det av samordninga mellom Rådsdirektiv 98/49/EF og forordning (EØF) nr.1408/71 at arbeidstakar utstasjonert i Noreg, frå anna EØS-stat, ikkje vil vere pliktig medlem av folketrygden. Det vil difor ikkje liggje føre krav til å betale premie til norsk tenestepensjonsordning. På liknande måte er reglar om pliktig medlemskap i kommunale pensjonsordningar knytt til om vedkomande er obligatorisk medlem av folketrygden. Etter Finansdepartementets oppfatning er det neppe naudsynt å gjennomføre artikkel 6 i ei generell lov eller forskrift gitt i medhald av lov.

I høve til artikkel 7 i direktivet legg Finansdepartementet til grunn at medlemmer som trer ut av supplerande pensjonsordning med rett til fripolise i private pensjonsordningar i livsforsikringsselskap, vil få adekvat informasjon om opptente pensjonsrettar gjennom reglane om kontoutskrift i lov av 10. juni 1988 nr. 39 om forsikringsverksemd § 7-10 og tilhøyrande forskrift. Informasjon som medlemmene skal motta utover dette, bør Kredittilsynet i medhald av lov av 16. juni 1989 nr. 69 om forsikringsavtaler § 11-4, jf. § 19-3, kunne gje nærare reglar om. Denne heimelen vil omfatte reglar for supplerande pensjonsordningar sikra i livsforsikringsselskap og pensjonskasser, m.a. skattefavoriserte pensjonsordningar og kommunale pensjonsordningar. Det er likevel behov for å lovfeste ein heimel for å kunne gje nærare reglar med krav til informasjon som nemnt i artikkel 7 for pensjonsordningar plasserte i bank eller verdipapirfond og også andre pensjonsordningar som heller ikkje er sikra i livsforsikringsselskap eller pensjonskasse. I medhald av lov om innskotspensjon § 2-7 tredje ledd har Kongen heimel til å fastsetje reglar om kva informasjon som institusjon eller føretak skal gi i tilknytning til innskotspensjonsordning.

5 Administrative og økonomiske konsekvensar

Finansdepartementet legg til grunn at EØS-reglane som svarar til direktivet vil bli stetta ved vedtaking av lov- og forskriftsføresegner som nemnt i punkt 4. EØS-reglane som svarar til direktivet vil krevje ei regulering av supplerande pensjonsordningar som i dag ikkje er lovregulerte. Det krevjast difor ein heime i lov for dette.

Gjennomføringa av avgjerda ventast ikkje å gje administrative og økonomiske konsekvensar av særleg omfang. Etter Finansdepartementet si vurdering vil mellom anna direktivet sine reglar om krav til informasjon kunne innebære enkelte kostnader for arbeidsgjevar og ansvarlege forvaltarar av supplerande pensjonsordningar. Sidan det allereie er nedfelt informasjonskrav i norsk rett som omtalt under punkt 4, ventar ein at verknaden av direktivet sitt krav på dette området har liten økonomiske effekt.

Kredittilsynet har tilsyn med finansinstitusjonar, mellom anna forsikringselskap, pensjonskasser, bank og verdipapirfond. Det er vidare nedfelt i lov at Kredittilsynet fører tilsyn med pensjonsordningar oppretta i medhald av lov om føretakspensjon og lov om innskotspensjon. Det vert lagt til grunn at direktivet ikkje vil innebære meirarbeid for Kredittilsynet av særleg omfang.

6 Konklusjon og tilråding

Etter Finansdepartementet sitt syn vil direktivet støtte opp under utforminga av ein meir fleksibel arbeidsmarknad innan EØS-området. Departementet stiller seg positivt til eit regelverk som vernar om rettane til supplerande pensjonar, og såleis medverkar til å fremje flyten av arbeidskraft innan EØS-området. Finansdepartementet tilrår at Noreg godkjenner vedtaket i EØS-komiteen om endring av vedlegg VI om trygd i EØS-avtala. Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 80/99 av 25. juni 1999 om endring av vedlegg VI om trygd til EØS-avtala.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 80/99 av 25. juni 1999 om endring av vedlegg VI om trygd til EØS-avtala, i samsvar med eit vedlagt forslag.

**Forslag til vedtak om samtykke til
godkjenning av avgjerd i EØS-
komiteen nr. 80/99 av 25. juni 1999 om
endring av vedlegg VI om trygd til
EØS-avtala**

I

Stortinget samtykker i godkjenning av EØS-komiteavgjerd nr. 80/99 av 25. juni 1999 om endring av vedlegg VI om trygd til EØS-avtala.

Vedlegg 1**EØS-komiteens beslutning nr. 80/1999 av 25. juni 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg VI (Trygd)**

EØS-KOMITEEN HAR -

under henvisning til avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde, justert ved protokollen om justering av avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde, heretter kalt avtalen, særlig artikkel 98, og ut fra følgende betraktninger:

Avtalens vedlegg VI er endret ved EØS-komiteens beslutning nr. 34/1999 av 26. mars 1999 ¹⁾.

Rådsdirektiv 98/49/EF av 29. juni 1998 om trygging av rettane til supplerande pensjon for arbeidstakarar og sjølvstendig næringsdrivande som flyttar innanfor Fellesskapet ²⁾ skal innlemmes i avtalen -

BESLUTTET FØLGENDE:

Artikkel 1

I avtalens vedlegg VI etter nr. 2 (rådsforordning (EØF) nr. 574/72) før overskriften «RETTSAKTER PARTENE SKAL TA TILBØRLIG HENSYN TIL» skal nytt nr. 2a lyde:

«2a. **398 L 0049:** Rådsdirektiv 98/49/EF av 29. juni 1998 om trygging av rettane til supplerande pensjon for arbeidstakarar og sjølvstendig næringsdrivande som flyttar innanfor Fellesskapet (EFT L 209 av 25.7.1998, s. 46)».

Artikkel 2

Teksten til rådsdirektiv 98/49/EF på islandsk og norsk, som er vedlagt de respektive språkversjoner av denne beslutning, har samme gyldighet.

Artikkel 3

Denne beslutning trer i kraft 26. juni 1999, forutsatt at EØS-komiteen har motatt alle meddelelser i henhold til avtalens artikkel 103 nr. 1.

Artikkel 4

Denne beslutning skal kunngjøres i EØS-avdelingen av og EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

Utferdiget i Brussel, 25. juni 1999.

For EØS-komiteen

Formann

F. Barbaso

EØS-komiteens sekretærer

G. Vik

E. Gerner>

¹⁾ Ennå ikke kunngjort.

²⁾ EFT L 209 av 25.7.1998, s. 46.

Vedlegg 2

**Rådsdirektiv 98/49/EF av 29. juni 1998 om trygging
av rettane til supplerande pensjon for
arbeidstakarar og sjølvstendig næringsdrivande
som flyttar innanfor Fellesskapet**

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR -

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 51 og 235,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen ³⁾,

med tilvising til fråsegna frå Europaparlamentet ⁴⁾,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet ⁵⁾ og
ut frå desse synsmåtane:

1. Fri rørsle for personar er ein av dei grunnleggjande fridommene i Fellesskapet. I traktaten er det fastsett at Rådet samrøystes skal vedta dei tiltaka for sosial tryggleik som er naudsynte for å gjennomføre fri rørsle for arbeidstakarar.
2. Arbeidstakarar er sosialt sikra gjennom lovfesta trygdeordningar som vert utfylte med supplerande trygdeordningar.
3. Det regelverket som Rådet alt har vedteke med sikte på å verne rettane til trygdeytningar for arbeidstakarar som flyttar innanfor Fellesskapet, og til familiemedlemmene deira, dvs. rådsforordning (EØF) nr. 1408/71 av 14. juni 1971 om anvendelse av trygdeordningar på arbeidstakere og deres familiemedlemmer som flytter innenfor Fellesskapet ⁶⁾ og rådsforordning (EØF) nr. 574/72 av 21. mars 1972 om regler for gjennomføring av forordning (EØF) nr. 1408/71 om anvendelse av trygdeordninger på arbeidstakere og deres familiemedlemmer som flytter innenfor Fellesskapet ⁷⁾, gjeld berre lovfesta pensjonsordningar. Den samordninga som er fastsett i desse forordningane, omfattar ikkje lovfesta pensjonsordningar, bortsett frå ordningar som er omfatta av uttrykket «lovgjeving» slik det er definert i artikkel 1 bokstav j) første leddet i forordning (EØF) nr. 1408/71, eller ordningar som ein medlemsstat gjev fråsegn om i medhald av denne artikkelen.
4. Rådet har vid fullmakt til å nytte skjønns når det gjeld å velje dei tiltaka som er mest føremålstenlege for å nå målet i artikkel 51 i traktaten. Den samordninga som er fastsett i forordning (EØF) nr. 1408/71 og (EØF) nr. 574/72, og særleg dei reglane som gjeld samanlegging, kan ikkje nyttast på supplerande pensjonsordningar, bortsett frå ordningar som er omfatta av uttrykket «lovgjeving» slik det er definert i artikkel 1 bokstav j) første leddet i forordning (EØF) nr. 1408/71, eller ordningar som ein medlemsstat gjev fråsegn om i medhald av denne artikkelen, og bør difor vere

³⁾ TEF C 5 av 9.1.1998, s. 4.

⁴⁾ TEF C 152 av 18.5.1998.

⁵⁾ TEF C 157 av 25.5.1998, s. 26.

⁶⁾ TEF L 149 av 5.7.1971, s. 2. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 1223/98 (TEF L 168 av 13.6.1998, s. 1).

⁷⁾ TEF L 74 av 27.3.1972, s. 1. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 1223/98 (TEF L 168 av 13.6.1998, s. 1).

- omfatta av særlege tiltak der dette direktivet er det første, slik at det vert teke omsyn til eigenarten og dei særskilte kjenneteikna deira og til mangfaldet av slike ordningar i og mellom medlemsstatane.
5. Ingen pensjonar eller ytingar bør vere omfatta av føresegnene både i dette direktivet og i forordning (EØF) nr. 1408/71 og (EØF) nr. 574/72, og supplerande pensjonsordningar som høyrer inn under verkeområdet til desse forordningane fordi ein medlemsstat har gjeve fråsegn om det i medhald av artikkel 1 bokstav j) i forordning (EØF) nr. 1408/71, kan difor ikkje vere omfatta av føresegnene i dette direktivet.
 6. I rekommandasjon 92/442/EØF av 27. juli 1992 om tilnærming mellom målene og politikken for sosial sikkerhet ⁸⁾ tilrådde Rådet medlemsstatane om naudsynt å fremje tilpassingar av vilkåra for opptening av rettar til pensjon ved arbeidsopphøyr, og særleg av rettar til supplerande pensjon, for å unngå at mobiliteten for arbeidstakarane vert hindra.
 7. For å medverke til å nå dette målet kan det sikrast at arbeidstakarar som flyttar frå ein medlemsstat til ein annan, eller som har ein tenestestad som vert flytta frå ein medlemsstat til ein annan, får lik handsaming med omsyn til vern av rettane deira til supplerande pensjon som arbeidstakarar som ikkje flyttar, eller som har ein tenestestad som vert flytta innanfor den same medlemsstaten.
 8. Fri rørsle for personar, som er ein av dei grunnleggjande rettane i medhald av traktaten, gjeld ikkje berre for arbeidstakarar, men òg for sjølvstendig næringsdrivande.
 9. I traktaten er det berre artikkel 235 som gjev heimel for å gjere høvelege tiltak på området trygd for sjølvstendig næringsdrivande.
 10. For å kunne utøve retten til fri rørsle på ein fullgod måte, bør arbeidstakarar og andre rettshavarar ha visse garantiar for lik handsaming når det gjeld vidareføring av pensjonsrettar som dei har tent opp innanfor supplerande pensjonsordningar.
 11. Ettersom alle restriksjonar på kapitalrørsler og betalingar er forbodne i medhald av artikkel 73 B i traktaten, bør medlemsstatane gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at ytingar frå supplerande pensjonsordningar vert utbetalte til noverande og tidlegare medlemmer og til andre retthavarar innanfor slike ordningar i alle medlemsstatane.
 12. For å gjere det lettare å utøve retten til fri rørsle, bør dei nasjonale reglane om naudsynt tilpassast, slik at det vert mogleg å halde fram med betaling av tilskot til ei godkjend supplerande pensjonsordning som er skipa i ein medlemsstat, frå eller på vegner av arbeidstakarar som er utsende til ein annan medlemsstat, i samsvar med avdeling II i forordning (EØF) nr. 1408/71.
 13. I denne samanhengen krev traktaten ikkje berre stans av all skilnadshandsaming på grunnlag av nasjonalitet mellom arbeidstakarar i medlemsstatane, men òg oppheving av alle nasjonale tiltak som kan vere til hinder for eller gjere det mindre attraktivt for arbeidstakarane å utøve dei grunnleggjande rettane som er sikra ved traktaten slik han er tolka av Domstolen til Dei europeiske fellesskapa i fleire påfølgjande dommar.
 14. Arbeidstakarar som utøver retten sin til fri rørsle, bør få tilstrekkelege opplysningar frå arbeidsgjevarar, forvaltarar eller andre som er ansvarlege for forvaltinga av supplerande pensjonsordningar, særleg om kva val og alternativ som er tilgjengelege for dei.

⁸⁾ TEF L 245 av 26.8.1992, s. 49.

15. Dette direktivet rører ikkje ved lovgjevinga til medlemsstatane om kollektive tiltak til trygging av yrkesinteresser.
16. På grunn av store ulikskapar mellom dei supplerande trygdeordningane bør Fellesskapet nøye seg med å fastleggje ei ramme for allmenne mål, og difor er eit direktiv det mest føremålstenlege verkemiddelet.
17. I samsvar med nærleiksprinsippet og prinsippet om rimeleg samhøve slik det er definert i artikkel 3B i traktaten kan ikkje måla med dette direktivet nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane, og kan difor lettare nåast på fellesskapsplan. Dette direktivet går ikkje lenger enn det som er naudsynt for å nå desse måla C

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Kapittel I

Mål og verkeområde

Artikkel 1

Målet med dette direktivet er å verne rettane til medlemmer av supplerande pensjonsordningar som flyttar frå éin medlemsstat til ein annan, og såleis medverke til å fjerne hindringar for den frie rørsla for arbeidstakarar og sjølvstendig næringsdrivande innanfor Fellesskapet. Dette vernet omfattar pensjonsrettar både i frivillige og pliktige supplerande pensjonsordningar, bortsett frå dei ordningane som høyrer inn under forordning (EØF) nr. 1408/71.

Artikkel 2

Dette direktivet skal nyttast på medlemmer i supplerande pensjonsordningar og på andre rettshavarar innanfor slike ordningar som har tent opp eller er i ferd med å tene opp rettar i éin eller fleire medlemsstatar.

Kapittel II

Definisjonar

Artikkel 3

I dette direktivet tyder

- a) «supplerande pensjon» pensjonar ved arbeidsopphøyr og, dersom dei er fastsette ved reglane for ei supplerande pensjonsordning som er skipa i samsvar med nasjonal lovgjeving og praksis, ytingar ved uførleik og ytingar til attlevande som er meinte å skulle supplere eller kome i staden for dei ytingane som vert utbetalte til dei same kategoriane gjennom lovfesta trygdeordningar,
- b) «supplerande pensjonsordning» alle yrkesbaserte ordningar som er skipa i samsvar med nasjonal lovgjeving og praksis, t.d. ei kollektiv forsikringsavtale, ei utlikningsordning som éin eller fleire bransjar eller sektorar er vortne samde om, ei fondsbasert ordning eller ei pensjonstilsegn som er sikra ved rekneskapsmessige avsetjingar, eller eventuelle andre kollektive eller tilsvarende ordningar som er skipa for å gje arbeidstakarar og sjølv-

- stendig næringsdrivande ein supplerande pensjon,
- c) «pensjonsrettar» alle ytingar som eit medlem eller ein annan rettshavar har rett til etter reglane for ei supplerande pensjonsordning og eventuelt etter nasjonal lovgjeving,
 - d) «opptente pensjonsrettar» alle rett til ytingar som er vortne oppnådde etter at dei vilkåra som krevst etter reglane for ei supplerande pensjonsordning, og eventuelt etter nasjonal lovgjeving, er vortne stetta,
 - e) «utsend arbeidstakar» ein person som er utsend for å arbeide i ein annan medlemsstat, og som i samsvar med føresegnene i avdeling II i forordning (EØF) nr. 1408/71 framleis er underlagd lovgjevinga i heimstaten; «utsending» skal forståast på tilsvarende måte,
 - f) «tilskot» all betaling som er gjort til eller skulle vore gjort til ei supplerande pensjonsordning.

Kapittel III

Tiltak for å verne rettane til supplerande pensjon for arbeidstakarar som flyttar innanfor fellesskapet

Artikkel 4

Lik handsaming med omsyn til vidareføring av pensjonsrettar

Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å syte for vern av opptente pensjonsrettar for medlemmer i ei supplerande pensjonsordning som det ikkje lenger vert betalt tilskot for til denne ordninga fordi dei har flytt frå éin medlemsstat til ein annan, i same grad som for andre medlemmer som det ikkje lenger vert betalt tilskot for, men som vert verande i den same medlemsstaten. Denne artikkelen skal òg nyttast på andre som er rettshavarar etter reglane for den aktuelle supplerande pensjonsordninga.

Artikkel 5

Betalingar over landegrensene

Medlemsstatane skal sikre at både medlemmer i supplerande pensjonsordningar og andre rettshavarar i desse ordningane får utbetalt alle ytingar som dei har krav på under desse ordningane i andre medlemsstatar, med frådrag av eventuelle skattar og transaksjonskostnader.

Artikkel 6

Tilskot til supplerande pensjonsordningar frå eller på vegner av utsende arbeidstakarar

1. Medlemsstatane skal vedta dei tiltaka som er naudsynte for at det framleis skal vere mogleg å betale tilskot til ei supplerande pensjonsordning som er skipa i éin medlemsstat, frå eller på vegner av ein utsend arbeidstakar som er

medlem i ei slik ordning under utsendingsperioden sin i ein annan medlemsstat.

2. Dersom det i medhald av artikkel 1 framleis vert betalt tilskot til ei supplerande pensjonsordning som er skipa i éin medlemsstat, skal den utsende arbeidstakaren og eventuelt arbeidsgjevaren hans få unntak frå all plikt til å betale tilskot til ei supplerande pensjonsordning i ein annan medlemsstat.

Artikkel 7

Opplysningar til medlemmer i ordninga

Medlemsstatane skal gjere tiltak for at arbeidsgjevarar, forvaltarar eller andre som er ansvarlege for forvaltinga av supplerande pensjonsordningar, gjev medlemmene sine tilstrekkelege opplysningar om kva pensjonsrettar dei har og kva val som er tilgjengelege for dei under ordninga når dei flyttar til ein annan medlemsstat. Desse opplysningane skal minst svare til dei opplysningane som vert gjevne til medlemmer i ordninga som det ikkje lenger vert betalt tilskot for, men som vert verande i den same medlemsstaten.

Kapittel IV

Sluttføresegner

Artikkel 8

Medlemsstatane kan fastsetje at føresegnene i artikkel 6 berre skal nyttast på utsending som tek til 25. juli 2001 eller seinare.

Artikkel 9

Medlemsstatane skal innføre i den nasjonale rettsskipnaden sin dei tiltaka som er naudsynte for at personar som meiner at dei har lidd urett som følgje av at føresegnene i dette direktivet ikkje er vortne nytta, kan få saka si prøvd ved rettsleg handsaming etter eventuelt å ha lagt henne fram for andre kompetente styresmakter.

Artikkel 10

1. Medlemsstatane skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, innan 36 månader frå den datoen då det tek til å gjelde, eller dei skal innan denne datoen syte for at partane i arbeidslivet ved avtale har innført dei føresegnene som er naudsynte. Medlemsstatane skal gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for at dei til kvar tid skal kunne garantere dei resultata som er målet for dette direktivet. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

Dei skal melde frå til Kommisjonen om namnet til dei nasjonale styresmaktene som kan kontaktast når det gjeld gjennomføringa av dette direktivet.

2. Medlemsstatane skal innan 25. januar 2002 sende Kommisjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

3. Innan seks år etter at dette direktivet har teke til å gjelde, skal Kommisjonen leggje fram for Europaparlamentet, Rådet og Økonomi- og sosialutvalet ein rapport på grunnlag av opplysningar frå medlemsstatane.

Rapporten skal omfatte gjennomføringa av dette direktivet, og skal eventuelt innehalde framlegg til endringar som kan vere naudsynte.

Artikkel 11

Dette direktivet tek til å gjelde den dagen det vert kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Artikkel 12

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Luxembourg, 29. juni 1998.

For Rådet

R. COOK

Formann
